



Liv Hansen og Berit Harriet Døssland gler seg over nytt kjøken (Foto: Ola Matti Mathisen)

Gamleskulen som Uskedalen Utvikling eig er inne i ein omfattande rehabilitering. Bygget frå 1902 har fått nytt kjøken og neste år kjem turen til kjellaren. I ein sluttrapport for det som er gjort heiter det at renovering og innreiing av den er det som manglar no. I kjellaren var det sløydsal då huset var skule - fram til 1966. Her kan ein få plass til utstillingslokale, toalett og vaskerom, gang og garderobe, eit lite kjøken og lager. Tiltaket vert finansiert i år med søknadar og innsamling.

Rehabiliteringa av kjøkenet har hatt som mål å gjera det eigna for ulike arrangement og aldersgrupper og budsjettet har vore på 150 000 kroner,

Jan Erik Olsson har vore prosjektleiar og prosjektet er gjennomført i eit tett samarbeid med helselaget. og i stor grad på dugnad.. Extramiddlar og gåve frå Sparebanken 1 har finansiert prosjektet. Med støtta frå desse kjeldene er det gjort eit stort og verdfullt arbeid for bygda.

Genom den oppgradering og renovering som har vore og er i gang vil UU ta vare på og sikra den gamle skulen som ein sentral møteplass i bygda.

Med kjøkenoppustinga er huset oppgradert og har ein langt meir utvida funksjon.

Med full renovering vil bygget tena mange funksjonar og ha ein sterk helsefremjande

effekt for den veksande seniorgruppa, blir det streka under i rapporten

Av Ola Matti Mathisen



Jan Erik Olsson, her saan med Johnny Miljeteig, har gjort ein kjempejobb for Gamleskulen (Foto: Ola Matti Mathisen)